



# Arbeidsplan for Rogaland SV i 2019

---

Vedtatt på årsmøtet 16. -17. februar 2019.

Arbeidsplanen gjeld for heile Rogaland SV. Både lokallaga og fylkesstyret har ansvar for gjennomføring av planen. Representantskapet skal derfor ha gjennomføring av arbeidsplanen som ei sak på alle møta i løpet av året.

Rogaland SV sin arbeidsplan er dels ei konkretisering av arbeids- og organisasjonsplanen for heile partiet, og må sjåast i samheng med denne. SVs arbeids- og organisasjonsplan blir vedtatt og revidert kvart år av landsstyret.

2018 er eit valår, og dette pregar denne arbeidsplanen. I tida fram mot sommaren skal me konsentrera oss om å stilla flest mogleg lister, styrka lokallaga, verva medlemmer, skulera oss i prioriterte saker og planlegga valkampen, slik at me står best mogleg rusta til å gjennomføra den mest intensive delen av valkampen frå juni til 9. september.

Dei kortsiktige måla er at flest mogleg rogalendingar skal få sjansen til å stemma på SV, at dei faktisk bruker denne sjansen, og at SV skal bli betre representert på fylkestinget og i kommunestyra.

Samtidig skal me leggja grunnlaget for vekst på lengre sikt. Me skal halda fram arbeidet med å utvikla ein "sosialisme på rogalandsk": ein strategi for auka oppslutning om venstresida sine idear i Rogaland, kombinert med ein politikk som svarer på dei utfordringane folk i fylket har.

Arbeidet i 2019 skal dermed flytta fram SVs posisjonar både politisk og organisatorisk, slik at me rustar oss til å møta dei store utfordringane i vår tid: Ulikheitskrise, klimakrise og trugsmålet frå ytre høgre.

## Overordna mål for Rogaland SV i 2019:

- Liste i 18 kommunar
- Auka representasjon i fylkestinget og i kommunestyra
- 18 aktive lokallag ved årsslutt.
- 950 medlemmer ved årsslutt.
- Ein politikk og ein strategi for auka oppslutning på lengre sikt.

## Del 1. Valkampen 2019

Hovudsakene i valkampen tar utgangspunkt to dokument: arbeidsprogrammet for Rogaland SV og lokalvalplattformen vedtatt av landsstyret. Prioriteringa og vinklinga av sakene skal vera tilpassa rogalandsk verkelegheit.



## Mål

- Minst to representantar på fylkestinget
- Representantar i 15 kommunestyre
- Vera synlege i mange lokalsamfunn, og ha aktivitet i minst 18 kommunar i løpet av valkampen
- Fleire aktive og godt førebudde medlemmer som deltar i valkampen
- Godt førebudde kandidatar på listene

## Tiltak

- Støtta lokallaga sitt arbeid med å stilla lister, og organisera listestilling der det er potensiale, men ikkje finst lokallag.
- Laga ein plan med mål for kor mange stemmer og prosentvis oppslutning me treng i kvar enkelt kommune, for å nå måla om auka representasjon i kommunestyre og fylkesting.
- Støtta lokallagas arbeid med lokale valprogram.
- Laga og vurderer å senda ut valkampbrosjyre, og laga eigna materiell til sosiale medium.
- Arrangera to felles valkampskuleringar, ei i nord og ei i sør, med deltaking frå alle lokallaga.
- Arrangera ei kandidatsamling for toppkandidatane før sommaren.
- Toppkandidatane skal delta på den sentrale kandidatsamlinga før landsmøtet.
- Direkte veljarkontakt: Alle medlemmer bør ha som mål å skaffa minst to veljarar til SV.
- Venda oss direkte til ulike målgrupper gjennom aksjonar og sosiale medium.
- Delta i SVs nasjonale aksjonsdagar i valkampen.
- Ha mange valkampaktivistar som er klare for å argumentera for SVs politikk, og/eller som kan bidra med praktisk arbeid. Lokallaga har hovudansvaret for å ha oversikt over medlemmer som vil bidra, og å sørge for at dei faktisk får bidra. Fylkeslaget hjelper til og tar særleg ansvar der lokallaget ikkje finst eller ønskjer støtte.
- Setja ned eit valkamputval som planlegg og koordinerer valkampen i fylket.

## Del 2. Politisk strategi

Rogaland SV bygger den politiske strategien på hovudsakene i valkampen og på prosjektet "sosialisme på rogalandsk".

"Sosialisme på rogalandsk" handlar om å utvikla eit politisk grunnlag for auka oppslutning på lengre sikt. Tenkinga tar utgangspunkt i det særeigne ved rogalandsk næringsstruktur, og ved rogalandsk identitet og mentalitet. Dei politiske løysingane skal vera relevante svar på dei utfordringane folk i fylket oppfattar at me har, og samtidig svara på ulikheits- og klimakrisa.

## Mål

- Vidareutvikla SVs politikk og få høgare truverd blant folk i fylket på prioriterte saksfelt.
- Knyta sterkare band til organisasjonar og miljø som står oss nær.
- Konkretisera ein "sosialisme på rogalandsk".



## Tiltak

- Utforma ein politisk strategi til valkampen
- Bruka 8. mars, 1. mai og 5. juni, i tillegg til SVs nasjonale aksjonsdagar, til å markera SVs politikk på dei aktuelle områda.
- Bruka tradisjonelle medium og sosiale medium målretta for å nå ut til veljarar og medlemmer.
- Bygga alliansar med fagrørsla og andre organisasjonar som står oss nær, som miljøorganisasjonar og Nei til EU. Laga samarbeidsavtalar og/eller delta på kvarandre sine møte.
- Ha gode politiske diskusjonar på representantskapsmøta og gjera fleire politiske vedtak der.
- Invitera til diskusjonar om "sosialisme på rogalandsk".
- Delta i utviklinga av SVs prinsippprogram og dei fire hovudresolusjonane fram mot landsmøtet i 2019, med vekt på den næringspolitiske plattformen.

## Del 3. Organisatorisk strategi

Rogaland SV skal stå sterkare ved utgangen av året enn ved starten. Fylkesstyret og representantskapet skal i løpet av året konkretisera og følgja opp måla og tiltaka i denne planen. Strategien har som grunnprinsipp at alt arbeid er lokalt og må vera lokalt tilpassa, og skal legga til rette for at medlemmer og lokallag kan utveksla idear og erfaringar med kvarandre.

## Mål

- 950 medlemmer ved årsslutt, det vil seia ein netto vekst på 208 medlemmer.
- Verva minst 250 nye medlemmer i løpet av året (sjå vedlegg).
- 18 lokallag ved årsslutt.
- Stilla liste i 18 kommunar til kommunevalet, mot 16 i 2015.
- Fleire aktive medlemmer som kjenner og er stolte ambassadørar for SV i lokalsamfunna sine
- Styrka kontakten mellom fylkesstyret og lokallaga, mellom lokallaga og mellom dei folkevalde i kommunar og på fylkestinget.
- Styrka økonomien i fylkeslaget

## Tiltak

- Bruka alle representantskapsmøta til å diskutera og planlegga organisasjonsbygginga.
- Utnemna ein vervegeneral og gjennomføra ein vervekampanje.
- Ringa alle nye medlemmer og ønska dei velkomen til SV.
- Ringa alle medlemmer som ikkje har betalt kontingenten i oktober/november.
- Ha lokallagskontaktar i fylkesstyret som har ansvar for jamnleg kontakt med lokallaga.
- Starta nye lokallag.
- Ha ein folkevald-koordinator som skal legga til rette for meir samarbeid og erfaringsutveksling mellom dei folkevalde.
- Arrangera ei folkevaltsamling for alle folkevalde i oktober/november.



- Arrangera møte med Solfrid Lerbrekk både i nord- og sørfylket to gonger i løpet av året, der særleg nye medlemmer blir invitert.
- Arrangera ein konferanse på hausten, der alle medlemmer i fylket blir invitert, og særleg nye medlemmer.
- Få fleire medlemmer til å bli faste givarar til Rogaland SV.
- Samarbeida med SU

### Vedlegg: Korleis få 250 nye medlemmer i Rogaland SV i 2019?

Lokallag	Medl. per 31.12.18	% av medlemmene	Nye medlemmer i 2019
Eigersund	27	4%	9
Gjesdal	14	2%	4
Haugesund	67	9%	23
Hjelmeland	12	2%	4
Hå	23	3%	8
Karmøy	54	7%	18
Klepp	17	2%	6
Randaberg	5	1%	1
Sandnes	103	14%	35
Sauda	14	2%	4
Sola	23	3%	8
Stavanger	264	36%	90
Strand	20	3%	7
Suldal	18	2%	6
Time	42	6%	14
Tysvær	15	2%	5
Vindafjord	20	3%	7
Rogaland (direkte)	3	0%	1
<b>Fylket</b>	<b>741</b>	<b>100%</b>	<b>250</b>

250 nye medlemmer (bruttotall, før utmeldingar) er ein auke på 34%.

I denne oversikta er medlemmer i Forsand (2) flytta over til Sandnes, og medlemmer i Finnøy og Rennesøy (15) flytta over til Stavanger.